


PLANID: 20000126a

Ordfører



Meland kommune

Reguleringsplan for
Dalemarka bustadområde

Reguleringsføresegner

Godkjend:

Kommunestyret 16.12.1987, sak 138/87

Utviding av plan godkjend:

Kommunestyret 31.08.1988, sak 129/88

Utviding av plan godkjend:

Kommunestyret 26.01.2001, sak 006/00

Mindre vesentleg endring godkjend:

Planutvalet 21.01.2004, sak 008/04

GENERELT

§ 1

Det regulerte området som er synt på planen er nytta til:

- A. Byggjeområde for busetnad (inkl. interne fellesareal).
- B. Område til ålmenne føremål.
- C. Friområde.
- D. Trafikkområde.
- E. Fellesområde.

A. BYGGJEOMRÅDE FOR BUSETNAD (felt A, B og C)

§ 2

På areala skal det byggjast bustadhus og garasjar.

§ 3

Bygningar skal plasserast innafor dei regulerte byggelinene.

§ 4

Bustadene kan førast opp i inntil 3 etasjar der terrenget tilseier det.

§ 5

Samla bustadareal, saman med areal i garasje og andre uthus, skal ikkje vera meir enn $\frac{1}{4}$ av tomten sitt areal (%BYA=25%).

§ 6

Kvar bustad skal ha plass for minst 1 garasje, og i tillegg plass for bil på eigen grunn. Garasjar skal, der det er praktisk mogleg, byggjast som ein del av bustaden.

§ 7

Frå offentleg veggrunn til garasjeport eller gjerdeport i avkøyrsla, skal det i køyreretninga vera plass for den bilen som garasjen/avkøyrsla er bestemt for.

§ 8

Det kan setjast opp gjerde på max. 80 cm høgd i ein avstand av minst 1,5 m frå regulert vegkant. Gjerde må ikkje setjast opp i frisiktzone. Murar og gjerde skal vera minst mogleg skjemmaende. Markering av grense mot nabo skal helst utførast med planting. Gjerde skal ikkje vera høgare enn 80 cm.

I område mellom veg og gjerde eller frisiktline skal plantar og andre sikthindringar ikkje vera høgare enn 50 cm over det plan senterlinene i vegane definerer.

§ 9

Planutvalet kan krevja at bygningar som høyrer saman i ei gruppe skal ha harmonerande fargesetting og takform.

B. OMRÅDE TIL ÅLMENNE FØREMÅL**§ 10**

Områda til ålmenne føremål skal nyttast til barnehage/grendahus/ballplass.

C. FRIOMRÅDE**§ 11**

Friområde skal opparbeidast etter samla plan, godkjend av planutvalet.

E. FELLESOMRÅDE**§ 12**

Utbygging av leikeplassane må utførast samstundes med tilrettelegging av byggjefeltet. Fellesareala er felles for alle bustadeigedomane i planområdet.

FELLESFØRESEGNER**§ 13**

Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeforskrifter.

§ 14

Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene ved privat servitutt.

§ 15

Innafor ramma av plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sin byggjeforskrifter, kan planutvalet gjera unntak frå desse føresegnene i dei tilhøve der særlege grunnar taler for det.

Dato for utarbeiding av føresegner, 06.12.1991
Revidert ved planutviding, 26.01.2000
Revidert ved mindre vesentleg endring, 21.01.2004

